

Vår saksbehandler
Nina Hagen, tlf. +47 95241256

Vår dato
26.08.2025
Deres dato

Vår referanse
25/00033-5
Deres referanse

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Sak 2025-03: Etterleving av Kommisjonsdelegert forordning (EU) 2013/886

Vegtilsynet har undersøkt om Statens vegvesen oppfyller krava fastsett i Kommisjonsdelegert forordning (EU) nr. 2013/886 av 15. mai 2013 artikkel 3 til 8, jf. artikkel 9. Forordninga gjeld sikkerhetsrelevant trafikkinformasjon.

Statens vegvesen har oppgaver både som dataleverandør og som informasjonsleverandør etter forordninga. Artikkel 3 til 7 omfattar krav om tilgjengeleggjering av data medan artikkel 8 omfattar krav om formidling av informasjon.

Vegtilsynet sendte varsel om tilsyn 13.05.2025 og mottok 10.06.2025 etterspurt dokumentasjon:

1. Self-Declaration Form valid for Norway: Delegated Regulation (EU) No. 886/2013
2. Accompanying documentation to the declaration of compliance (self-declaration) with the Delegated Regulation (EU) No. 886/2013

Vegtilsynet har undersøkt om dokumentasjonen oppfyller krava i forordninga. Statens vegvesen har etter artikkel 9, punkt 2 framlagt eigenerklæring (Self-Declaration Form), og krava i artikkel 3-8 er i følge eigenerklæringa oppfylt. Statens vegvesen har i tillegg oversendt utfyllande dokumentasjon (Accompanying documentation) som gjev nærare omtale av oppfylling av krava i forordninga. Vegtilsynet har i møte med Statens vegvesen 12.06.2025 gjennomført stikkprøvekontroll i saka, og det vart ikkje avdekket avvik.

Konklusjon

Vegtilsynet si vurdering er at Statens vegvesen oppfyller krava i Kommisjonsdelegert forordning (EU) nr. 2013/886.

Med helsing
Vegtilsynet

Vegard Hansen
direktør

Nina Hagen
tilsynsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har ingen signatur.

Kopi til:
Statens vegvesen, Truls Roar Søvde